



Erlingur Nielsson (til høgre) har no teke over som president. Her er han saman med past president Kjell Borge Olsen og Oddbjørg Heimark

Lions Club Kvinnherad vil også i arbeidsåret som no er innleia satsa på loppemarknad som eit hovud-arrangement. Marknaden sist vinter vart ein suksess med 17.000 i overskot til gode føremål. Også denne vinteren skal det haldast rundt månadsskiftet februar/mars i Aktivitetshuset.



Det var godt fram møte på det første haustmøtet

Dette vart opplyst då den driftige klubben hadde sitt første, godt besøkte møte på vanleg stad - i Gamleskulen. Handelsmannen på Seimsfoss, Erlingur Nielsson, har no teke over som president men Kjell Borge. Olsen sit framleis i styret som past president saman med Oddbjørg Heimark og Knut og Marita Langesæter.

Klubben, som dekker heile Kvinnherad med unnatak av Halsnøy, har no rundt 30 medlemmer og er oppteken av å få til ein auke etter ein reduksjon frå rundt 40..

Dette var ein viktig programpost under det første haustmøtet.

Det er også viktig å senke gjennomsnittsalderen og få med fleire kvinner.

- Skal det være mulig må vi være kritiske til oss selv, vår målsetting, arbeid og arbeidsform, understreker presidenten.

Gianni Rebaudo legg vekt på kor viktig det er at klubben blir meir synleg og nyttar lokale informasjonskanalar til det.

Oddbjørg Heimark peikar på at dei som er med i Lions bør vera aktive.


Klubben skal snart markera sine første 40 år og det er sett ned ein komite til å førebu markeringa, truleg i kombinasjon med julemøtet.

I 2015 blir det ny Røde Fjær-aksjon, men førebels er det ikkje bestemt kva føremålet skal vera og det vart uttrykt ein viss forundring over det.

Lions har verksemd i meir enn 200 land og territoriar og ligg på første plass når det gjeld spreing i verda. Noreg var det fjerde landet som vart med. I 1987 vart Lions også opna for kvinner.

- Det spesielle med organisasjonen er ikkje minst samholdet, vart det understreka i møtet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Leiv Guddal - framleis aktiv også i LIONS